

Møtereferat

Dato: 17.02.2016

Emne:	Referat frå skulebesøk på Austevoll vgs, 9.2.16	
Til stades:	Frå skulen: rektor Vivian B. Horgen, ass. rektor Ulrik Schütz, avd. leiar YF Håvard Magnus Njåstad, avd. leiar fellesfag Roy Dahle, elevinspektør Andreas Risøy, ATV SL Joar Valvatne, kontaktlærer/faglærer Gisle Vassnes, elevrepr. Tord Rabben, elevrepr. Dorothea Wessel. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Sissel Øverdal, spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik	
Forfall:		Sak: 2016/300-3
Møtetid:	10.00-13.00	Møtestad: Austevoll vgs

Møteleiar: Sissel Øverdal
Referent: Tor Ivar Sandvik

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane gjennomført skulebesøk ved Austevoll vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområder
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid: FYR-arbeid ved skulen

FYR blei bestemt som satsingsområde våren 2015. Skulen fekk tilslag på søknad om FYR-koordinator, tilsvarande 25 prosent ressurs.

Prosjektet blei presentert for lærarar og assistentar hausten 2015. Det var viktig å knyte prosjektet til allereie eksisterande aktivitet. Skulen har også hatt besøk av Naturfagsenteret og Matematikksenteret, som hjalp til med avklaring av rolla som koordinator og FYR-arbeid generelt.

Fem lærarar og ein leiar har delteke på FYR-skulering i Oslo.

Skulen har nytta fellestid til FYR-arbeid, der hovuddelen har vore gruppearbeid kor ein har funne treffpunkter i læreplanane og utarbeidd forslag til tverrfaglege yrkesretta opplegg. Det blei presentert fleire døme på korleis ein har laga tverrfaglege opplegg. Yrkesretting og relevans vil også stå sentralt i skulen sin nye utviklingsplan.

Eleven i møtet som går på yrkesfag bekrefta også i møtet at dei opplever at skulen legg opp til yrkesretting. Engelsk og norsk blei framheva.

Leiinga må fortsetje å setje av tid til arbeidet i framtida. For å måle om og kva effekt FYR-arbeidet har, viste skulen til indikatorar som motivasjon og gjennomføring. Ein viktig del av FYR er også deling av undervisningsopplegg.

2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa: På kva måtar har skulen lagt til rette for utviklingsprosessar med involvering av lærarar på tvers av fag og utdanningsprogram? Kva effektar ser ein eller ønskjer ein å sjå?

FYR er ein sentral del av dette arbeidet då ein knyt fellesfaga til dei yrkesfaglege programfaga. Ein ønskjer også at fellesfag- og yrkesfaglærarar hospiterer hos kvarandre. Skulen har også søkt om hospiteringsmidlar, men berre ein lærar ønskte å delta i prosjektet.

Det blei diskutert om og korleis ein kan relatere studiespesialisering meir til skulen si blå line. Ei mogeleg utfordring er at det er få søkjarar til ST, og om ei slik vinkling mot ST påverke søkjartala. Mogelegheiter som blei nemnt var å relatere fellesfag til lokale forhold og næringsutvikling.

I denne forbindelsen blei det også løfta fram at næringslivet har gjort mykje for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, og om ei vinkling av delar av opplæring eller enkelte fag mot ei blå line også kan gi bedriftene noko tilbake.

Ei anna utfordring som var nemnt var tid. Det er ofte krevjande å dekkje alle kompetansemåla. Det må også vere interessant for elevane å relatere opplæringa til den marine/maritime verksemda i området. Elevane trakk fram at dei ikkje nødvendigvis veit om kva mogelegheiter som ligg i næringa. Å løfte fram dette kan også hjelpe elevane til å sjå jobbmogelegheiter i regionen med ei akademisk utdanning.

**C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.**

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**
 - ungdomsskule – vidaregåande opplæring
 - mellom nivåa i vidaregåande opplæring
 - mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv
- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**
- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Skulen har hatt fokus på klasseleiing over tid. Som ein del av arbeidet har observasjon vore nytta som metode, noko som har vore positivt motteke. Lærarar på yrkesfag har tradisjon for å jobbe på ein slik måte, men det opplevast som ei styrke å formalisere observasjonsarbeidet. Skulen har planar om å vidareføre dette til skulevandring, og skal lage ein plan for dette for våren. Skulen har valt *oppstart av timen* som observasjonstema.

Som ein del av klasseleingsprosjektet har det også blitt innført fem felles enkle og positivt formulerte reglar i klassane for å hindre støy. Elevane seier i møtet at dei fleste lærarane er nøye på å følgje desse reglane.

Læringsmiljø og relasjonsbygging er sentrale tema for skulen sitt utviklingsarbeid. Mellom anna har elevrådet vore med og diskutert kriterium for kva som kjenneteiknar «den gode læraren» og «den gode timen». Elevane gir lærarane gode tilbakemeldingar på korleis dei blir møtt i kvardagen – at dei er positive og profesjonelle.

Det blei diskutert at oppstarten for Vg1-elevar er meir systematisk enn for Vg2-elevane. På dette trinnet er det meir opp til den enkelte kontaktlærar og faglærar å skape ein god start. Mange elevar på Vg2 kjem frå andre stader, og ein bør vurdere om ein må systematisere oppstarten for Vg2-elevane meir.

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Assisterande rektor presenterte skulen sitt arbeid med ny utviklingsplan. Nytt styringsdokument er blitt godt motteke då det gir eit større handlingsrom for skulen til å definere eigne tiltaksområde ut i frå eige ståstad.

Skulen starta ein prosess med ny utviklingsplan skuleåret 2014/15. Det var einigheit om at det var behov for eit kortare, meir levande og dynamisk dokument som dei tilsette kan få eigarskap til. Planen må vere eit arbeidsdokument for skulen.

Fem personar deltek i ei gruppe som skal leie arbeidet med ny utviklingsplan. Både leiinga og dei tilsette er representerte. Etter ein prosess rundt tiltaksområder er det foreløpig satt ned tre områder: *Yrkesretting og relevans*, *Profesjonalitet* og *Vurdering*. Dei tilsette har blitt inndelt i tre tverrfaglege grupper der oppgåva har vore å kome med forslag til kva som kan ligge under dei ulike områda. Arbeidet skal presenterast i plenum før ein vidare konkretiserer nokre underpunkt.

Skulen blei utfordra på korleis involvere elevane i arbeidet. T.d. vil det vere viktig for skulen å få tilbakemeldingar frå FYR-arbeidet for å kunne vurdere tilstand og vegen vidare. Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa vil vere sentrale kvantitative kjelder, men samarbeid med elevrådet er også viktig for å gi elevane ei stemme i arbeidet.

Skulen spelte inn ønskje om at opplæringsavdelinga bidreg med kritiske blikk/innspeil på skulen sin vidare prosess og utarbeiding av utviklingsplan.

E. Oppsummering og evaluering

Det er viktig å prioritere satsingsområde og tiltak i utviklingsarbeidet, og ein må skape noko konkret ut av områda skulen prioriterer. Tiltaka må vere målbar og veljast ut i frå kva som kan ha effekt for elevane si læring. Leiinga og dei tilsette må vere lojale til det ein har forplikta seg til. Leiinga må følgje opp utviklingsarbeidet vidare, noko som blir særleg viktig med innføring av nytt styringsdokument. Ein ønskjer å få med alle i utviklingsarbeidet framover og må skape og halde på engasjementet i personalet. Det inkluderer også Elevrådet, som er ei viktig gruppe å involvere i prosessar som handlar om elevane si læring og utvikling.

Leiinga må vere ein støttespelar i lærarane sitt vidare FYR-arbeid. Skulen ønskjer også å sjå vidare på korleis ein kan jobbe med relevans opp mot studiespesialisering.

Ein må fortsette arbeidet med vurdering og skape gode rettleiingar som kjem elevane til gode.

Elevane opplever at det er positivt å delta i møtet då dei får eit større innblikk i arbeidet som leiinga og lærarane gjer. Dette er kunnskap som kan delast i elevrådet.